


Finansdepartementet
Skattelovavdelingen
Postboks 8008 Dep
0030 Oslo



Møre og Romsdal fylke



Deres ref.:
04/1847 SL ld/rla

Deres dato:

Vår ref.:
MR 14454/04/203

Vår saksbehandler:
Bjørn Nerland, 71 25 86 03

Vår dato:
06.09.2004

Høring om skatteoppkreverutvalgets utredning - NOU 2004 :12 Bedre skatteoppkreving

Vi viser til Deres ekspedisjon av 18.06.2004.

./ Vedlagt følger fylkesdirektørens saksutredning med forslag til vedtak overfor fylkesutvalget i Møre og Romsdal i sak U-102/04 A.

Fylkesutvalget behandlet saka i møte 31.08.2004, og fattet da vedtak i samsvar med forslaget.

Dette til orientering og videre behandling.

Med hilsen


Bjørn Nerland
budsjettsjef



Møre og Romsdal fylke

SAKSFRAMLEGG

Dato
11.08.2004

Referanse
04/4460

13258/04
Vår saksbehandlar
Bjørn Nerland , tlf 71 25 86 03

Saksgang:

Utval	Møtedato
Fylkesutvalet	31.08.2004

Sak U-102/04 A

SKATTEOPPKREVJARUTVALETS UTGREIING-NOU 2004:12 - HØYRINGSUTTALE

Bakgrunn

I Noreg er det fellesinnkrevjing av inntektsskatt, formuesskatt, trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift på vegne av alle skattekreditorar. Desse skattekreditorane er staten, fylkeskommunane, kommunane og folketrygda. Fellesinnkrevjinga blir utført av dei kommunale skatteoppkrevjarane, som også fører skatterekneskap og utfører skattekontroll (arbeidsgjevarkontroll) på fellesinnkrevjingas område.

Stortinget har fleire gonger det siste tiåret behandla problemstillingar knytt til skatteoppkrevjarfunksjonen.

Skatteoppkrevjarutvalet, som Finansdepartementet oppnemnde 26.05.2003, la 12.05.2004 fram si utgreiing som NOU 2004:12. Utgreiinga er lagt ut på departementets nettsider, www.finans.dep.no, under Aktuelt – Høringer.

Utvalets mandat har kort sagt vore å vurdere og å foreslå tiltak som kan gi resultatforbetringar av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Utvalet har hatt 7 medlemmer – fire frå staten, to frå kommunesektoren og ein frå Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening.

Utvalet er gjennomgåande samstemt når det gjeld vurderingar og framlegg til funksjonelle forbetringstiltak, og om at desse kan gjennomførast uavhengig av organisatorisk løysing. Dette dreier seg om tiltak som for eksempel hyppigare rapportering og betaling av forskottstrekk og arbeidsgjevaravgift, innføring av gebyr ved manglande betaling og ved utleggstrekk, meir effektive sanksjonar og auka elektronisk tilgang til ulike register.

Utvalet har vidare vurdert ulike alternative modellar for organisering av skatteoppkrevjarfunksjonen. Utvalet har delt seg i eit fleirtal på fem medlemmer og eit mindretal på to medlemmer når det gjeld framlegg til strukturelle



Møre og Romsdal fylke



forbetingstiltak. *Fleirtalet*, samansett av dei statlege medlemene og medlemen frå Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening, ser på ei statleg organisering av skatteoppkrevjinga som mest naturleg ut frå oppgåvene sitt innhald og karakter. *Mindretalet*, dei kommunale medlemene, meiner at dei fleste argument talar for framleis kommunal organisering av funksjonen.

Fleirtalet legg m.a. følgjande til grunn for sin konklusjon:

- Statleg organisering vil gi betre ressursutnytting og betre resultat, og dessutan leggje til rette for ei meir brukarorientert innretning av heile skatteforvaltninga.
- Fleire evalueringar, m.a. i regi av Riksrevisjonen, har vist stor variasjon i innsats og resultat mellom skatteoppkrevjarkontora. Analysar utført for utvalet vises dessutan at det er ein systematisk tendens til at små og mellomstore kontor er mindre effektive og oppnår dårlegare resultat enn dei større.
- Aukande grad av elektronisk rapportering og kommunikasjon gir mindre behov for kontakt med det lokale nivå. Samordning med likningsforvaltninga representerer dessutan ei forenkling for brukarane og legg til rette for ytterlegare forenklingar for brukarane.
- Skatteoppkrevjing kan ikkje seiast å ha særleg behov for lokal tilpassing eller bruk av lokalt skjønn. Tvert imot er oppgåva kjent for stram regulering, behov for rettstryggleik og likskap på tvers av kommunar – korvidt ein betalar skatten sin skal ikkje avhenge av i kva kommune ein bur. Det er derfor lite ved oppgåvas karakter som tilseier kommunal tilknytning. Tvert imot er det ottefullt at skatteoppkrevjinga i vesentleg grad synest å vere påverka av lokale tilhøve, i form av ressursdisposisjonar og prioriteringar: Resultatskilnaden kommunane imellom blir forklart m.a. med at kommunane i ulik grad set av ressursar til skatteoppkrevjing. Mange skatteoppkrevjarar opplyser at sein eller mangelfull iverksetjing av tiltak kjem av generell mangel på ressursar. Ein av fem skatteoppkrevjarar opplyser at lokalpolitisk press og/eller næringsøkonomiske tilhøve kan ha noko å seie for val av innkrevjings- eller kontrollstrategi. Dette samsvarar dårleg med uttalte krav til rettstryggleik og likskap på tvers av kommunar.
- I høve til det kommunale sjølvstyre er det fridomen til å kunne påverke eige inntektsgrunnlag (skatteobjekt og skattesatsar) som først og fremst har noko å seie, ikkje kven som utfører oppkrevjinga. Ei statleggjering av skatteoppkrevjinga er derfor ikkje til hinder for ein meir direkte samanheng mellom den økonomiske utviklinga i lokalsamfunnet og kommunanes inntekter.
- Ei statleggjering vil medføre administrative kostnader, men desse treng ikkje å bli særleg store, gitt at det i stor grad er mogleg å bygge på eksisterande organisasjon.

Mindretalet grunnjev sin konklusjon med m.a. følgjande:



Møre og Romsdal fylke



- Det er dokumentert høg løysingsgrad, god rettstryggleik, høg brukarservice og synergiar med resten av den kommunale verksemda.
- Dei kommunale skatteoppkrevjarane klarar å innkrevje mellom 99 % og 100 % av all utlikna skatt. Små kommunar har like gode innkrevjingsresultat som store kommunar. Dette har si årsak i at skatteinnkrevjing grunnleggjande dreier seg om kommunikasjon mellom skatteoppkrevjar og skattytar. Såleis vil det ikkje vere noko å tene på ei statleggjering av skatteinnkrevjinga.
- Det er dokumentert at dei kommunale skatteoppkrevjarkontora utfører god brukarservice. Ei landsomfattande undersøking gjennomført av Norsk Gallup i 2002 dokumenterer at dei kommunale skatteoppkrevjarkontora scorar vesentleg betre enn dei statlege skattekontora når det gjeld tilgjenge, kundebehandling, saksbehandlingstid og informasjon.
- Kommunalt ansvar for skatteoppkrevjinga medfører god rettstryggleik for skattytarane, m.a. ved at det er etablert eit klart organisatorisk og ansvarsmessig skilje mellom på den eine sida fastsetjinga av skatten og på den andre sida innkrevjinga av skatten.
- Kommunalt ansvar for skatteinnkrevjinga medfører effektiv drift og ressursbruk ved at skatteinnkrevjing blir gjennomført i det same miljøet som ivaretek kommunanes innkrevjing av kommunale avgifter og annan kommunal fakturering. Dermed blir det også mogleg å halde oppe levedyktige innkrevjingsmiljø i dei små kommunane.
- Eventuell statleggjering av skatteinnkrevjinga vil medføre sentralisering og dårlegare tilgang til offentlege tenester i lokalmiljøa.
- Statleggjering av skatteinnkrevjinga vil medføre store overgangskostnader. Det skal etablerast nye kontor med dei etablerings-, drifts- og planleggingskostnader det fører med seg. Innsparingane på kommunal side ved å fjerne nokre få tilsette i kvar kommune, som normalt har kontorfellesskap med resten av den kommunale administrasjonen, blir minimale, og vil også bli møtt med reduserte statstilskot.
- Kvaliteten og effektiviteten i den norske skatteinnkrevjinga er god. Det er likevel meir å gå på. Skatteoppkrevjarutvalet legg fram 15 framlegg til ytterlegare forbetring av skatteinnkrevjinga. Mellom forbetningsframlegga peikar Skatteoppkrevjarutvalet på behovet for å styrkje fagstyresmakta/tilsynsstyresmakta sine vilkår for å gjennomføre korrigerande tiltak for det tilfelle at ein skatteoppkrevjar ikkje utfører oppgåva på ein tilfredsstillande måte. Mindretalet er samd i det bør vere mogleg for fagstyresmakta/tilsynsstyresmakta å gjennomføre korrigerande tiltak dersom særlege tilfelle blir oppdaga.

Departementet har sendt utgreiinga på høyring, med frist 1. oktober.

Vurdering

Vi har valt å konsentrere uttalen om den grunnleggjande spørsmålsstillinga, nemleg det strukturelle valet mellom vidareføring av det kommunale ansvaret for



Møre og Romsdal fylke



skatteoppkrevjarfunksjonen og ei statleg overtaking av denne funksjonen som inneber ei regionalisering.

Innleiingsvis vil vi peike på at dei konklusjonar utvalet har trekt, synest å vere gjort med utgangspunkt i eit beslutningsgrunnlag som er mangelfullt. Dessutan er resultatane av dei analysane som er gjennomført vanskeleg å forstå. Ut frå grunnlagsmaterialet er det derfor vanskeleg å trekkje klare konklusjonar.

Vi meiner likevel at det er ein del viktige faktorar som tilseier at skatteoppkrevjarfunksjonen framleis bør vere eit kommunalt ansvar.

Sverige blir opp innanfor EU-systemet oppfatta å ha eit av dei beste innkrevjingsresultata på skatteområdet. Sverige, som har eit statleg innkrevjingsystem og som har dei same skatteartar som Noreg, har dei siste åra avskrive mellom 0,4 og 0,6% av fastsette skattar og avgifter. Stikkprøver frå nokre større kemnerkontor viser at det tilsvarande "skattetape" i Noreg ligg på under 0,5 %. Tek ein omsyn til at utvalet har lagt fram eit stort tal forbetningsframlegg, som allereie er gjennomført i Sverige og som kan gjennomførast innanfor ei kommunal ordning, er det grunn til å tru at Noreg vil ha verdens beste skatteinnkrevjingsystem, og det utan å statleggjere innkrevjinga.

Det er grunn til å tru at kommunal innkrevjing oppnår betre resultat enn ei meir sentralisert statleg innkrevjing. Nærleik og tett oppfølging av debitorar gir dei beste resultat. Det er lettare og enklare å skape kontakt med skattytar i eit lokalmiljø. Ei eventuell statleggjering og dermed sentralisering av skatteinnkrevjinga vil dessutan innebere dårlegare tilgang til offentlege tenester i lokalmiljøa.

I tillegg er det viktig å halde på kompetansearbeidsplassar i kommunane og dermed i distrikta.

Tilråding til vedtak

Vi rår fylkesutvalet til å gjere slikt

v e d t a k :

Fylkesutvalet meiner at skatteoppkrevjarfunksjonen framleis bør vere kommunalt organisert.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesdirektør

Turid Reiten Huse
administrasjonsdirektør